

Norges Fjordhestlag  
Myroldhaug  
6770 Nordfjordeid

## Referat frå styremøte Norges Fjordhestlag

Møte: 02/2021 Type: Skype  
Tid: Onsdag 10.02 kl. 20.00.

Desse deltok:  
Hege Sæther Moen  
Vidar Heggheim  
Maren Løken  
Ingvild R. Hansen  
Ben Hjelmervik  
Giljar Groven  
Bjørn Vollstad  
Jenny Johnsen

Orienteringssaker:  
Nytt fra utvala  
Nordisk 2021 – Nordisk / EM framover  
Avlsplanen med endringar i UB  
Film bruksprøver  
Hingsteutstillinga  
Handlingsplan for dei norske hesterasane  
Fagutvalet for avl og bevaring av nasjonale hesterasar  
Utviklingsplan NFHS  
Dommersamling / internasjonal dommersamling  
Norsk hesteforskning  
Fokus Unghest  
Skeidsekretariat  
Norwegian Horse Festival

### **Sak 04/20 Godkjenning av referat frå møte 1/21.**

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag godkjenner referatet som det ligg føre.*

### **Sak 05/21 Søknad om dispensasjon frå Utstillingsreglementet for Fjordhest på grunn av alder.**

**Vedtak:**

*Norges Fjordhestlag ønskjer ikkje å endre utstillingsreglementet for Fjordhest med aldersgrense på 16*

år for utstillar. Søknaden om dispensasjon for rideprøve utført av 15 år gammel rytter blir difor ikkje innvilga.

#### **Sak 06/21. Streaming frå hingsteutstillinga 2021**

**Vedtak:**

*Norges Fjordhestlag ønskjer å ta ansvaret for streaming av utstillinga på Nordfjordeid. Det må i nærmaste framtid gjerast avtale med firma, lage til spleis, inngå sponsoravtale og vurdere andre alternativ for å dekke kostnaden. Streaming vil vere svært aktuelt også for framtida, og å nytte lokal bedrift kan difor vere fornuftig. Viktig med tett samarbeid med teknisk arrangør av utstillinga.*

#### **Sak 07/21 Årsmøte 2021 – digitalt**

**Vedtak:**

*Norges fjordhestlag har vedtatt å gjennomføre årsmøtet digitalt søndag 02. mai kl.19.00- 21.00.*

#### **Sak 08/21 Organisasjonsplan Norges Fjordhestlag med vedlegg, og plan for arbeid mot lokallag i 2021.**

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag er positive til ferdigstilling av organisasjonsplan med arbeidsprogram til styre og utvala som blir eit viktig reiskap for nye tillitsvalde og organisasjonen generelt. Plan for arbeidet mot lokallaga er prioritert av styret.*

#### **Sak 09/21 Budsjet 2021.**

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag godkjenner budsjett for 2021 etter at årsrekneskap for 2020 er klart, og ber administrasjonen ta innspela frå styret med i vidare budsjettarbeid.*

#### **Sak 10/21 Norges Fjordhestlag og innmelding i eit studieforbund.**

**Vedtak:**

*Styret i Norges Fjordhestlag gjev leiar og organisasjonssekretær fullmakt til å arbeide vidare med kva studieforbund som er best eigna for medlemskap.*

#### **Sak 11 Dalane fjordhestlag og søknad om godkjenning administrativt av svensk hingst for avlsbruk 2021.**

*Vedtak: Styret i Norges Fjordhestlag har vedtatt at det blir hingsteutstilling i 2021 på Nordfordeid, og at alle hingstar må møte der. Avlsplanen for Fjordhest opnar ikkje for administrativ kåring, og unnataket var i 2020 pga Covid 19 med avlsgodkjenning av alle hingstar og ikkje enkeltindivid. Norges Fjordhestlag ønskjer at Gandhi meldast inn på vanleg måte og møter ilag med alle dei andre hingstane på utstillinga.*

**Eventuelt**

*Ingvild Rydjord Hansen hadde spørsmål om hingstelinjeprojektet, og utval av hingstar med farge. Innspela blir tatt med vidare i avlsutvalet sitt arbeid.*

referent

Asle Espe